



Konfirmant-jubilantar og partnerar samla på den nye Bøkkerverkstad-bryggja. Til høgre kultursjef Kristian Bringedal. (Foto: Ola Matti Mathisen)

#### - Ein kjempefin dag!

**Dette var konklusjonen til 70-årsjubilant Lillian Evelyn Kaldestad (no busett på Sunde) etter den første dagen under konfirmantjubleet som soknerådet i Uskedalen har bede inn til denne helga. Dette er første gongen arrangementet går over to dagar og utvidinga er særers vellukka. Sondag held jubileet fram med gudsteneste og middag på Solheim.**

Bortimot 30 av dei 58 innbedne frå seks kull (50-, 60- og 70-årsjubilantar frå i fjor og i år) møtte fram laurdag. Det var soknerådet særers fornøgd med.

"Kulturell vandring i Uskedalen" var overskrifta på programmet og stoppestader var Bøkkerverkstaden på Rød, skulemuseet på Haugland og Gamleskulen. Mange av jubilantane hadde minner frå ein eller fleire av desse stadane.

Naturleg nok hadde kultursjef Kristian Bringedal hovudrolla både i Bøkkerverkstaden og Haugland-skulen. Han kunne fortelja at den flotte, nye kaia ved Bøkkerverkstaden enno ikkje er betalt og at skjørtet ikkje er på plass. Og på sjøsida av verkstaden skal det inn dør og eit glas. Men han var glad for at huset i sommartida kan brukast til "det utrulegaste" og faktisk også blir det. Seinast sist fredag hadde lensmannskontoret blåtur dit. Bringedal slog også fast at det er fint å driva museum utan å eiga det. Leigeavtala med Hallvard Rød gjeld i 25 år og samarbeidet er svært godt.

- Å få disponera eit hus som dette er eit funn for museumsfolk. Dette er ein ny måte å formidla historia på, understreka Bringedal.

Ved Haugland-skulen var han også så vidt innom det nærliggjande Vonheim og opplyste at kretsen er innstilt på å gjera meir utav huset, ikkje minst i kjellaren. Ellers inviterte han konfirmant-jubilantane til "skuledag i gamle dagar" i kjent stil og stilte fleire av "elevane" nærgåande spørsmål.

- Kvifor var du ikkje her i går, spurte han Bjørgulv Eik.

- Eg var med far min og slakta gris, var svaret.

Olaf Agnar Gausvik fekk ros av læraren for god lesnad frå bibelsoga og generelt for å vera ein flink elev.

Haugland-trioen Sigurd, Arne Terje og Lars Magne hadde stor respons med sine minner frå skulen. Mellom anna kunne dei fortelja at læraren køyrde dei hardt framfor 17. mai i både song og idrottsleikar fordi dei ikkje skulle vera dårlegare enn ungane nede i bygda.

Og då Korea-krigen var slutt i 1953 fekk dei fri og gjekk til fjells medan dei song "Vi vandrer med freidig mot". Andreas Haugland, den mest markante læraren ved skulen, var streng men samstundes kjenslevar. Skreiv elevane fint om fuglane, var dei gjerne sikra ein M.

På Gamleskulen kom Reidar Myklebust med eit personleg vitnesbyrd som gjorde inntrykk medan Sigvald Eik ausa frå sine store historiske kunnskapar.

Myklebust flytta heimatt til Rabben etter 37 år "i utlendingheit". Jo lenger han var borte, jo meir oppteken vart han av heimlassen. Der hadde han ein fin og trygg oppvekst og mintes ungdomslaget, musikklaget og bedehusbasarar. Då han kom att i 1999 var han spent, men han og kona er blitt svært godt motteke.

- Det har vore ein fin prosess. Bygda er lita og takk og pris for det. Den har sin eigen melodi, sa Myklebust. Men ein kritisk kommentar hadde han:

- Rykter og sladder spreier seg meir her enn i ein by.

Av Ola Matti Mathisen



"No livnar det i lundar" song "elevane" då skuledagen starta laurdag på Haugland skule (Foto: Ola Matti Mathisen)